

## Publiseringspoenga våre går nedover...

(gar 27.3.09)

Dei siste åra har departementet tildelt høgskular og universitet ei eiga resultatbasert forskingsløyving. Løyvinga inneber omfordeling av ei gitt ramme mellom institusjonane. Den resultatbaserte forskingsløyvinga er knytt til fire parameter; jf. tabellen nedanfor:

Parameter	Vekt	Satsar 2009 (i kroner)	HSF-grunnlag for løyving 2009 (grunnlagsår 2007)	HSF-løyving 2009 (kroner)
Doktorgradskandidatar (gjeld berre dr.gradsgivande institusjonar)	0,3	394.870 per dr.gradskandidat	-	-
EU-midlar	0,2	1.990 per kr 1.000 i EU-midlar	0	0
NFR-midlar	0,2	140 per kr 1.000 i NFR-midlar	4.803.000	672.420
Publiseringspoeng	0,3	38.540 per publiseringspoeng	28,8 publiseringspoeng	1.109.952

Kvart publiseringspoeng er altså verdt ca kr 38.500, medan ei løyving frå NFR på ein million kroner utløyser 140.000 kroner i ekstra tilskot frå departementet. Ei millionløyving frå EU utløyser nesten to mill. kroner frå departementet.

Resultatparameterane utvikla seg negativt for HSF i 2008. Det betyr lågare fou-løyving frå departementet i 2010.

I 2007 hadde HSF inntekter frå NFR på 4,8 mill. kroner. I 2008 var desse inntektene reduserte til kr 3,2 mill. Dette medfører at fou-løyvinga vår i 2010 vert redusert med ca. kr 225.000. EU-inntekter hadde vi korkje i 2007 eller i 2008.

Publiseringspoenga utvikla seg også negativt i 2008, sjå tabellen nedanfor:

	2007		2008	
	Vitskapelege publiseringspoeng	Tal vitskapelege publikasjonar	Vitskapelege publikasjonspoeng	Tal vitskapelege publikasjonar
Avdeling for lærarutdanning og idrett	7,2	9	2,983	7
Avdeling for helsefag	6,7	7	2,366	4
Avdeling for økonomi, leiling og reiseliv	2,5	4	1,65	3
Avdeling for ingeniør- og naturfag	10,5	12	4,883	8
Avdeling for samfunnsfag	1,9	3	8,7	5
<b>HSF totalt</b>	<b>28,8</b>	<b>35</b>	<b>20.582</b>	<b>27</b>

Tabellen viser at talet på publiseringspoeng ved HSF vart redusert frå 28,8 i 2007 til 20,6 i 2008. Dette inneber ein reduksjon i forskingsløyvinga vår på ca. kr 320.000. ASF hadde ein gledeleg vekst, medan det var tilbakegang ved dei andre avdelingane. Av dei 24 statlege høgskulane var vi i 2007 på ein 17. plass når det gjeld publiseringspoeng; sjå her: <http://dbh.nsd.uib.no/pub/>. For nokre år sidan var vi 6. plass. Det framifrå forskingsmiljøet vårt i musikkterapi stod då for rundt 40 pst. av publiseringspoenga våre.

### **Kva er det som gir publiseringspoeng?**

Det såkalla "teljekantsystemet" er basert på at publisering av artiklar i tidsskrift med fagfelle vurdering (periodika og seriar) og i vitskapelege antologiar gir publiseringspoeng. Det same gir sjølv sagt utgiving av vitskapelege monografiar.

Dei nasjonale fagmiljøa innanfor dei ulike fag og disiplinar har sjølve velt ut kva for publiseringskanalar som skal gi publiseringspoeng. Dette omfattar eit stort antal (23.000, av desse 880 utjevne i Noreg) fagfelle vurderte tidsskrift og seriar. Det gjeld òg ca 2.000 forlag; 118 av desse er norske.

Alle godkjende publiseringskanalane er samla i eit register. Her (<http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/>) kan du sjølv søkje for å finne ut om aktuelle tidsskrift og/eller forlag er på lista over godkjende publiseringskanalar. Biblioteket kan eventuelt hjelpe deg med å finne ut kva for tidsskrift/forlag som er teljande innanfor ditt fag. Du kan sjølv også foreslå nye tidsskrift eller forlag som du meiner bør vere på denne lista.

Ca. 20 pst. av publiseringskanalane er på nivå 2. Dette omfattar dei mest faglege prestisjefylte tidsskrifta, og dei forlag som gir ut antologiar og monografiar av særleg høg fagleg kvalitet. Publiseringar på nivå 2 gir betre økonomisk utteljing enn på nivå 1. Jf. tabellen nedanfor.

<b>Publiseringskategori</b>	<b>Publiseringspoeng</b>	<b>Budsjettutteljing 2009 (kroner)</b>
Artikkel i tidsskrift eller serie, nivå 1	1	38.540
Artikkel i tidsskrift eller serie, nivå 2	3	115.620
Artikkel i antologi, nivå 1	0,7	26.978
Artikkel i antologi, nivå 2	1	38.540
Monografi, nivå 1	5	192.700
Monografi, nivå 2	8	308.320

### **Fleirforfattarskap**

Det hender ofte at ein artikkel har fleire forfattarar. I slike tilfelle vert publiseringspoenga delte likt mellom forfattarane. T.d. gir ein tidsskriftsartikkel på nivå 1 med fem forfattarar 0,2 publiseringspoeng til kvar av forfattarane. Norske institusjonar kan òg verte einige om ulike modellar for deling av poeng for forfattarar som har tilknytning til fleire institusjonar. UiB gjer no t.d. krav på at publiseringspoeng for doktorgradsstudentar som er tilsette ved HSF, men som gjennomfører doktorgradsutdanninga si ved UiB, skal delast likt mellom UiB og HSF.

### **Kva bør HSF gjere?**

Publiseringspoenga ved HSF viser ein nedovergåande tendens. Det kan vere fleire grunnar til dette. Utviklinga er uheldig for høgskulens faglege omdømme. Nedgangen har også økonomiske konsekvensar.

Det er viktig at både fagmiljø og enkeltforskarar er opptekne av å tenkje publisering i tidsskrift og på forlag som gir utteljing, og at ein alltid sjekkar om tidsskriftet ein ønskjer å skrive i, finst på lista over godkjende publiseringskanalar.

God forskning og tilhøyrande publisering spring helst ut av gode, stimulerande og krevjande forskingsmiljø, som jobbar saman på ein konstruktiv og fagkritisk måte. Å utvikle og leggje til rette for fleire slike miljø er vår største utfordring no.